



## Statens vegvesen

Fylkesmannen i Hordaland  
Samordningsprosjektet  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Kari Elster Moen - 55516115

Vår referanse:  
2014/008515-006

Dykkar referanse:

Vår dato:  
08.06.2015

### Uttale til offentlig ettersyn - plansak 12602014000100 - Detaljplan - Bøvågen næringspark - Radøy

Statens vegvesen viser til reguleringsplan for Bøvågen næringspark som er til offentlig ettersyn. Vi viser og til vår uttale til oppstart datert 21.02.2014.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Statens vegvesen har motsegn til byggegrense, utforming av avkøyrsløp og areal sett av til annan veggrunn. Motsegnene vert presisert under kvart tema.

#### Generelt om planforslaget:

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utvikling av næringsområdet rundt verksemda GT-lakk. Planstatus er noverande og framtidig næringsområde og LNF-område i kommuneplanens arealdel. Reguleringsplanen er delvis i samsvar med arealføremåla i kommuneplanen.

I samsvar med vår uttale til oppstart viser reguleringsplanen at eksisterande avkøyrsløp i næringsområdet skal stengast for å samordne med avkøyrsløp til Hordabø idrettspark. Denne samordninga gjer at ein må legge til rette for mjuke trafikkantar som kjem til og frå idrettsparken.

Fartsgrensa langs planområdet er i hovudsak 80 km/t og ikkje 50 km/t slik det står i planskildringa. Dette får konsekvensar for krav til utforming av avkøyrsløp. Årleg berekna døgntrafikk (ÅDT) for fylkesveg 409 her er 400.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:



Fig. 1 Fartsgrense i området: raud 80 km/t, blå 50 km/t

### **Merknader til planforslaget:**

#### Annan veggrunn:

Det er lagt inn *annan veggrunn teknisk* med breidde på 1 meter langs alle vegar står det i planskildringa. Dette er ikkje tilstrekkeleg for fylkesvegen. Her skal det vere minst 3 meter breidde annan veggrunn på begge sider av vegen. Det må målsetjast i kartet, eller visast i føresegnene. **Det er motsegn til dette punktet.**

#### ROS:

ROS-analysen må rettast opp for punkta som gjeld trafikkfare ettersom fartsgrensa på staden er 80 km/t og ikkje 50 km/t. Under punkt 49 står det at planområdet er planlagt med farstgrense 30 km/t. **Det er motsegn til dette punktet.**

#### Utforming av avkøyrsla:

Ettersom fartsgrensa på staden er 80 km/t må siktkrava i planen endrast. Siktkravet i 80 km/t er 6 x 100, dvs. 6 meter inn i avkøyrsla må det vere fri sikt 100 meter til begge sider. Det er lagt fortau langs avkøyrsla for tilkomst til idrettsparken. Breidda på fortauet må minst vere 2,5 meter, helst 3. Dersom det skal dimensjonerast for både gåande og syklande må breidda på fortauet vere 4,5 meter. Fortauet må målsetjast i plankartet eller i føresegnene. **Det er motsegn til utforminga av avkøyrsla i planen.**


#### Byggegrenser:

Det er vist byggegrense i kartet, men ho er ikkje målsett verken i kartet eller i føresegnene.. Føresegn 1.1.2 seier at *Vegareal og parkering kan plasserast utanfor byggegrenser*. Vi går ut frå at det er meint at det kan plasserast innanfor byggegrensa, mellom byggegrensa og vegen. Dette vil vi rå frå. Det bør vere tilstrekkeleg byggegrense langs vegen. I utgangspunktet skal byggegrensa vere 30 meter jf. vår uttale til oppstart datert 21.02.2014. Ein må og sikre at det ikkje vert parkering i siktsona til avkøyrsla. **Vi har motsegn til manglar ved byggegrense mot fylkesvegen i kart og føresegn.**

**Konklusjon:**

Statens vegvesen er positiv til planen og til at ein her får til ei samordning av avkøyrslar. Våre motsegner er for ein stor del knytt til tekniske krav som følgjer av Statens vegvesen sine handbøker og er mellom anna knytt til vårt sektoransvar for trafikktryggleik. Slik vi ser det kan desse motsegnene løysast i ein dialog mellom Statens vegvesen og Radøy kommune. Vi deltek elles gjerne i dialogmøte med kommunen dersom det er ønskjeleg.

Vegavdeling Hordaland,  
Med helsing



Olav Finne  
avdelingsdirektør



Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kopi: Radøy kommune  
Hordaland fylkeskommune

